



Dette er ein av dei 3 plassane der dekket er sterkt skada

**Skulebrua på fylkesvegen midt i Uskedalen er renovert denne sommaren, men det manglar noko vesentleg og det er nytt asfaltdekke,påpeikar fleire trafikantar. Dekket er sterkt skada på tre plassar og må betraktast som trafikkfårleg. Når kjem opprustinga også av dekket, spør trafikantane.**

Dei som kjenner til standarden saknar farten, men kva med dei andre som ikkje er lokalkjente og held stor fart, spør ein trafikant.

uskedalen.no har hatt kontakt med Statens vegvesen. Etter fleire telefonar har det lukkast oss å få kontakt med brusesksjonen og der er svaret slik:

**- Det vil verta lagt nytt asfaltdekke på brua i år!**

Noko meir eksakt svar på når dekkeleggjinga vil skje har det ikkje vore mogeleg å få.

Trafikantar som har teke kontakt med oss meiner at det må skiltast med humpar inntil den nye asfalten kjem. Slik situasjonen er i dag, betyr den ein stor belastning på bilane.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Og her small det i 1940!